

SVEIO KONTROLLUTVAL

MØTEINNKALLING

Dato: tirsdag 24. januar 2017

Tid: kl. 18.00

Sted: Kommunestyresalen, Sveio kommunehus

Forfall meldes til: Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS tlf 52 75 73 50, som sms til mobiltlf. 959 86 979, eller på e-post: post@kontrollutvalgene.no

Medlem som må melde forfall eller meiner seg ugild, må gi melding om dette så tidleg som råd er. Varamedlemmer vert innkalla særskilt. Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off. l.*, blir berre sendt internt. Sakskartet elles vil bli lagt ut på kommunen si nettside og på www.kontrollutvalgene.no.

Sakliste:

1/17 Godkjenning av protokoll frå møtet 08.11.16

2/17 Prosjektplan – forvaltningsrevisjon - «Internkontroll i Sveio kommune»

3/17 Kontrollutvalet si årsmelding 2016

4/17 Referat- og orienteringssaker 24.01.17

Eventuelt

Sveio/Aksdal, 17.01.17

Olav Haugen
leiar (sign.)


Toril Hallsjø
dagleg leiar/utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett)
Rådmann (invitert)
Varamedlemmer (til orientering)
Presse/publikum

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	24.01.17	01/17
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 08.11.16

Vedlegg: Protokoll 08.11.16


Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 08.11.16 følgjer vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og oversendt kommunen slik han ligg føre.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 08.11.16 blir godkjent slik han ligg føre.

Aksdal, 17.01.17



Toril Hallsjø
Dagleg leiar/utvalssekretær

SVEIO KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Tysdag 8. november 2016 blei det halde møte i Sveio kontrollutval under leiing av utvalsleiar Olav Haugen.

MØTESTAD:	Kommunestyresalen, Sveio kommunehus
MØTESTART/-SLUTT:	kl.18.00 – kl. 19.50
MØTANDE MEDLEMMER:	Olav Haugen (KrF), Hans Christian Andersen (FrP), Torill Hagland (H), Gustav Eidsvåg (FrP) og Heidi Selsås (A)
MØTANDE VARAMEDLEMMER:	Ingen
FORFALL:	Ingen
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Oppdragsansvarleg revisor Else Holst-Larsen, Deloitte AS
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Kommunalsjef Kenneth Tollefsen
MERKNADER TIL INNKALLING:	Sein utlegging frå kommunen
MERKNADER TIL SAKSLISTE:	Ingen

Utvalsleiar ønskte Gustav Eidsvåg velkommen som nytt medlem og gratulerte Hans Christian Andersen med vervet som nestleiar.

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 25/16 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 13.09.16

Sekretariatet si innstilling:

Protokollen frå møte i kontrollutvalet 13.09.16 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 08.11.16:

Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 08.11.16:

Protokollen frå møte i kontrollutvalet 13.09.16 blir godkjent slik han føre.

SAK 26/16 ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN – TEKNISK M.M.

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kontrollutval tek kommunalsjef Kenneth Tollefsen si utgreiing om sitt arbeids- og ansvarsområde til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 08.11.16:

Kommunalsjef Kenneth Tollefsen orienterte. Innan teknisk er det to einingar: 1) Plan og næring (12 tilsette og 28 som deltidsbrannskap) og 2) Drift og anlegg (20 tilsette). Ved IKT er det 3 tilsette og off. servicekontor 6 tilsette. Desse høyrer til under sentraladministrasjonen. Av utfordringar peika han på at auka folkevekst dei siste åra har skapt meir »trykk» på tenestene. Kommunen har spredt busetnad som krev meir når det gjeld infrastruktur (veg, vatn og breiband). Økonomien er også stram. Ved å vere ein liten kommune er ein også meir sårbar ved vakansar og store prosjekt, som krev ei tett oppfølging.

Utvalet kom med spørsmål som kommunalsjefen svara på. Utvalsleiar takka for orienteringa.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 08.11.16:

Sveio kontrollutval tek kommunalsjef Kenneth Tollefsen si utgreiing om sitt arbeids- og ansvarsområde til orientering.

SAK 27/16 RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL BUDSJETT 2017 OG ØKONOMIPLAN 2017-2020

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tar presentasjonen av rådmannens budsjettforslag til budsjett 2017 og økonomiplan for Sveio kommune 2017-2020 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 08.11.16:

Kommunalsjef Kenneth Tollefsen gjekk igjennom hovedtrekka i rådmannen sitt framlegg. Presentasjonen til kommunestyret 31.10.16 blei delt ut. Framlegget inneheld meir investeringar enn tidlegare år, der berre Sveio skule utgjer 100 mill. kr. I tillegg er det lagt inn eit nytt badeanlegg. Driftsbudsjettet er stramt. Netto driftsresultat er budsjettert med 1 % (litt lågare enn tilrådd på 1,75%).

Han viste til tre utfordringar: 1) lånegjelda aukar, 2) mottak av flyktningar og 3) kostnadsauke innan pleie og omsorg. Dette skal kompensera gjennom kostnadseffektivisering og auka inntekter (eigedomsskatt).

Utvalet meinte at så store investeringar og høg lånegjeld er greitt så lenge lånerenta held seg låg, men dette kan endra seg. Utvalsleiar takka for presentasjonen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 08.11.16:

Kontrollutvalet tar presentasjonen av rådmannens budsjettforslag til budsjett 2017 og økonomiplan for Sveio kommune 2017-2020 til orientering.

SAK 28/16 VAL AV NYTT PROSJEKT – TINGING AV PROSJEKTMANDAT

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kontrollutval ber Deloitte AS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet "Internkontroll" til neste møte på nyåret 2017.

Handsaming i kontrollutvalet 08.11.16:

Utvalsleiar innleia og viste til gode tilbakemeldingar på val av aktuelle prosjekt. Utvalet slutta seg til innstillinga om å gå for prosjektet som er sett øvst i planen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 08.11.16:

Sveio kontrollutval ber Deloitte AS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet "Internkontroll" til neste møte på nyåret 2017.

SAK 29/16 REVISJONSPLAN 2016

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kontrollutval tar revisjonsplan 2016 for rekneskapsrevisjon og presentasjon frå revisor til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 08.11.16:

Revisor viste til vedlagt plan som viser korleis revisjonen legger opp sitt arbeid. Rekneskapsrevisjon er styrt av lovar og reglar. Revisjonstemaet vil vere ho og to medarbeidarar. Dei har interimrevisjon om hausten og årsoppgjersrevisjon om våren. Dei driv såkalla risikobasert revisjon, dvs. at revisor går god for at det ikkje er vesentlege feil. Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 08.11.16:

Sveio kontrollutval tar revisjonsplan 2016 for rekneskapsrevisjonen og presentasjon frå revisor til orientering.

SAK 30/16 MØTEPLAN FOR 2017

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kontrollutval vedtar følgjande møteplan for 2017:

tysdag 24.01, 25.04, 13.06, 12.09 og 07.11 kl. 18.00.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato når det er naudsynt.

Handsaming i kontrollutvalet 08.11.16:

Utvalssekretær orienterte om framlegg, spesielt om fristane for rekneskapen til våren. Utvalet slutta seg til innstillinga.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 08.11.16:

Sveio kontrollutval vedtar følgjande møteplan for 2017:

tysdag 24.01, 25.04, 13.06, 12.09 og 07.11 kl. 18.00.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato når det er naudsynt.

SAK 31/16 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 08.11.16

31. Statusoversikt - november 2016
32. Kommunestyrevedtak 26.09.16, sak 100/16 – nyval - kontrollutvalet
33. Komm.styrevedtak 31.10.16, sak 110/16 – Oppfølging av rapport – Sakshandsaming osv.
34. Kommunestyrevedtak 31.10.16, sak 111/16 – Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020
35. Komm.styrevedtak 31.10.16, sak 112/16 – Plan for selskapskontroll 2016-2020
36. Tertialrapport 2. tertial 2016 – sak til FSK 17.10.16 og KST 31.10.16
37. Invitasjon fra FKT Rogaland til Høstkonferanse 17.11.16 i Sandnes
38. Kommunal Rapport 29.09.16 – om revisjonsutgifter
39. KOSTRA-tall vedr. funksjon 110 – Kontroll og revisjon – 10 kommuner på Haugalandet
40. Forum for Kontroll og tilsyn (FKT) – høringsuttalelse til NOU: 4 Ny kommunelov

Handsaming i kontrollutvalet 08.11.16:

Utvalssekretær gjekk gjennom sakene. Kommunalsjef kommenterte tertialrapport pr. august som visar eit negativt resultat med minus 6 mill., etter at meirinntekter er trekt frå. Det vert jobba med forbetringar, slik at ein håpar på å unngå underskot. Utvalet hadde ingen særskilte merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 08.11.16:

Kontrollutvalet tar referatsakene 31- 40 til orientering.

Til Haustkonferansen i Sandnes 17.11.16 deltek utvalsleiar og nestleiar.

EVENTUELT

Ingen saker blei meldt.

Neste møte

Etter møteplan er dato **24. januar** kl. 18.00.

Sveio/Aksdal, 8. november 2016

Olav Haugen
kontrollutvalsleiar (sign.)


Toril Hallsjø
utvalssekretær (sign.)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	24.01.17	2/17
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

PROSJEKTPLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON – «INTERNKONTROLL I SVEIO KOMMUNE»

Vedlegg: Deloitte: Utkast til prosjektplan- «Internkontroll i Sveio kommune»,
(vedlegg med timebudsjett er ikkje off., Offl § 13/Forv.§ 13)

Saksorientering:

I møte 08.11.16, sak 28/16 ba kontrollutvalet Deloitte AS om å leggje fram utkast til prosjektmandat innanfor temaet «Internkontroll» til neste møte på nyåret. Utkast til plan blei oversendt sekretariatet 16.01.17.

Bakgrunn

Temaet er det fyrste blant dei prioriterte tema i Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020, som vart vedteke i kommunestyret 31.10.16, sak 111/16.

Føremål og problemstillingar

Revisor foreslår i det vedlagte utkast til prosjektplan at føremålet med prosjektet er å undersøke i kva grad Sveio kommune har etablert eit overordna system for internkontroll som femner om alle tenestene i kommunen, og som sikrar tilfredsstillande kontroll av forvaltninga.

Med bakgrunn i føremålet er det formulert følgjande problemstillingar:

1. Har kommunen etablert eit overordna system for internkontroll?

- a) I kva grad er det etablert eit felles system for internkontroll i kommunen?
- b) I kva grad er det gjeve felles retningslinjer for korleis internkontroll skal utøvast i einingane/tenestene i kommunen?

2. I kva grad har kommunen arbeidd for å utvikle eit godt kontrollmiljø?

- a) I kva grad har leiinga sett fokus på internkontroll og leiarane sitt ansvar for internkontrollen?
- b) Har kommunen etablert etiske retningslinjer og korleis er desse gjort kjent i verksemda?

- c) I kva grad har kommunen sett fokus på fare for korrupsjon og misleghald?*
- d) I kva grad er det etablert eit system for varsling og oppfølging av varslarar?*
- e) I kva grad har kommunen etablert tydelege mål for tenestene?*
- f) I kva grad er det på overordna nivå i kommunen etablert ei rapportering som gjer det mogleg å ha oversikt og kontroll med kommunen si verksemd?*

3. Korleis blir risikovurderingar nytta i internkontrollen i kommunen?

- a) Innan kva område blir det tatt i bruk risikovurderingar?*
- b) Er det eit system for å følgje opp resultata av gjennomførte risikovurderingar?*
- c) I kva grad er det etablert system for å sikre at leiinga i kommunen er orientert om risikoområda innanfor dei ulike tenesteområda?*
- d) I kva grad er det etablert system for å følgje opp at identifiserte risikoer blir handtert?*

4. I kva grad har kommunen etablert kontrollaktivitetar som skal sikre at sentrale arbeidsprosessar følgjer kommunen sine krav og retningslinjer?

- a) I kva grad er det etablert ei klar arbeidsdeling med tydelege fullmakter/delegasjonar?*
- b) I kva grad er det etablert skriftlege rutinar og retningslinjer for sentrale arbeidsprosessar?*
- c) I kva grad er det eit system for dokumentstyring som sikrar at rutinar blir oppdaterte og gjort tilgjengeleg for dei tilsette på ein føremålstenleg måte?*
- d) I kva grad er det etablert kontrollar for å sikre etterleving av sentrale rutinar og retningslinjer?*
- e) I kva grad er eventuelle kontrollar basert på ei systematisk risikovurdering?*
- f) I kva grad har kommunen etablert eit tenleg avviksmeldesystem?*

5. Er det etablert rutinar for oppfølging av at internkontrollen fungerer slik den var tenkt innanfor kommunen sine einingar/tenesteområde?

Ressursbruk

Slik prosjektet nå ligg føre er det estimert ein ressursbruk på 260 timar. Det inkluderar førebuing, utarbeiding av prosjektplan, førebuing og gjennomføring av datainnsamling, analyse og utarbeiding og kvalitetsikring av rapport.

Timane er innanfor det som kommunestyret har sett av i budsjettet til forvaltningsrevisjon i 2017.

Revisjonskriteria knytte dei ulike krava og omgrep er omtalt i kapittel 2 i planen. Dei metodaer som vil bli nytta vil vere dokumentanalyse, intervju og verifisering og høyring. Dette er det skrevet meir om i kapittel 3.

Når det gjeld aktivitetsplan/timebudsjett har Deloitte bede om at den ikkje vert gjort offentleg. Det syner selskapet si disponering av ressurar og dei meiner dette er informasjon som dei av konkurranseomsyn vil halde hemmeleg. Sekretariatet har teke ut dette vedlegget, med heimel i Off.lov § 13/ Forv.lov § 13, og legg den berre fram i møtet.

Deloitte skriv at oppstart vil vere i februar og rapporten vil vere klar for oversending innan utgangen av september 2017.

Sekretariatet meiner at utvalet bør kunne krevje at rapporten bør vere klår innan utgangen av august. Revisor vil då ha 6 månader på oppdraget. Høyring vil då måtte finne stad i august.

Utvalet har sitt fyrste møte i haust 12. september. Saksdokumenta vert sendt ut ei veke før, så rapporten bør vere klår til då. Rapporten vil då bli lagd fram for kommunestyret 25. september. Neste møte for utvalet er 15. november og då vil ein rapport ikkje bli lagd fram for kommunestyret før i desember, noko som er lite gunstig.

Kontrollvalet må før endeleg bestilling ta stilling til om dei føreslåtte problemstillingane dekkjer det kontrollutvalet ønskjer å oppnå med prosjektet.


SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Sveio kontrollutval bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet «Internkontroll i Sveio kommune» i tråd med det utkastet til prosjektplan som ligg føre frå Deloitte AS med den/desse endring/ane:

- rapporten må vere klår til utgangen av august eller seinast 5. september 2017.


Ramma vert sett til 260 timar.

Aksdal, 17.01.17



Toril Hallsjø

Daglig leiar/utvalssekretær



Forvaltningsrevisjon | Sveio kommune

Internkontroll

Prosjektplan/engagement letter

Januar 2017

Innhald

1. Føremål og problemstillingar	4
1.1 Bakgrunn	4
1.2 Føremål og problemstillingar	4
1.3 Avgrensingar	5
2. Revisjonskriterium	6
2.1 Innleiing	6
2.2 Krav til internkontroll	6
2.3 Teori og rammeverk for internkontroll	7
2.4 Kommunale styringsdokument og vedtak	9
3. Metode	10
3.1 Dokumentanalyse	10
3.2 Intervju	10
3.3 Verifisering og høyring	10
4. Tid og ressursbruk	11
4.1 Nøkkelpersonell	11
4.2 Ressursbruk	11
4.3 Gjennomføringsplan	11

1. Føremål og problemstillingar

1.1 Bakgrunn

Deloitte har i samsvar med bestilling frå kontrollutvalet 8.11.2016 sak 29/16 utarbeidd ein prosjektplan for forvaltningsrevisjon av internkontroll i Sveio kommune.

1.2 Føremål og problemstillingar

Føremålet med forvaltningsrevisjonen er å undersøke i kva grad Sveio kommune har etablert eit overordna system for internkontroll som femner om alle tenestene i kommunen, og som sikrar tilfredsstillande kontroll av forvaltninga. Med bakgrunn i føremålet er det formulert følgjande problemstillingar:

- 1. Har kommunen etablert eit overordna system for internkontroll?**
 - a) I kva grad er det etablert eit felles system for internkontroll i kommunen?
 - b) I kva grad er det gjeve felles retningslinjer for korleis internkontroll skal utøvast i einingane/tenestene i kommunen?
- 2. I kva grad har kommunen arbeidd for å utvikle eit godt kontrollmiljø?**
 - a) I kva grad har leiinga sett fokus på internkontroll og leiarane sitt ansvar for internkontrollen?
 - b) Har kommunen etablert etiske retningslinjer og korleis er desse gjort kjent i verksemda?
 - c) I kva grad har kommunen sett fokus på fare for korrupsjon og misleghald?
 - d) I kva grad er det etablert eit system for varsling og oppfølging av varslarar?
 - e) I kva grad har kommunen etablert tydelege mål for tenestene?
 - f) I kva grad er det på overordna nivå i kommunen etablert ei rapportering som gjer det mogleg å ha oversikt og kontroll med kommunen si verksemd?
- 3. Korleis blir risikovurderingar nytta i internkontrollen i kommunen?**
 - a) Innan kva område blir det tatt i bruk risikovurderingar?
 - b) Er det eit system for å følgje opp resultatane av gjennomførte risikovurderingar?
 - c) I kva grad er det etablert system for å sikre at leiinga i kommunen er orientert om risikoområda innanfor dei ulike tenesteområda?
 - d) I kva grad er det etablert system for å følgje opp at identifiserte risikoer blir handtert?
- 4. I kva grad har kommunen etablert kontrollaktivitetar som skal sikre at sentrale arbeidsprosessar følgjer kommunen sine krav og retningslinjer?**
 - a) I kva grad er det etablert ei klar arbeidsdeling med tydelege fullmakter/delegasjonar?
 - b) I kva grad er det etablert skriftlege rutinar og retningslinjer for sentrale arbeidsprosessar?
 - c) I kva grad er det eit system for dokumentstyring som sikrar at rutinar blir oppdaterte og gjort tilgjengeleg for dei tilsette på ein føremålstenleg måte?
 - d) I kva grad er det etablert kontrollar for å sikre etterleving av sentrale rutinar og retningslinjer?
 - e) I kva grad er eventuelle kontrollar basert på ei systematisk risikovurdering?
 - f) I kva grad har kommunen etablert eit tenleg avviksmeldesystem?
- 5. Er det etablert rutinar for oppfølging av at internkontrollen fungerer slik den var tenkt innanfor kommunen sine einingar/tenesteområde?**

1.3 Avgrensingar

I dette prosjektet vil vi ikkje undersøke i detalj lovpålagte sektorspesifikke internkontrollkrav, slik som krav til forsvarleg system innanfor skule eller internkontrollforskrift for sosial- og helsetenesta. Vi vil heller ikkje undersøke regeletterleving knytt til spesifikke internkontrollkrav i støtteprosesser som f.eks. informasjonstryggleik. Men vi vil sjå på kva system og rutinar leiinga har for å følgje opp at dette er etablert.

Vi vil likevel kunne sjå nærare på nokre utvalde tenesteområde om kontrollutvalet ønskjer dette.

2. Revisjonskriterium

2.1 Innleiing

Revisjonskriteria vil bli henta frå og utleia av autoritative kjelder, rettsreglar, politiske vedtak og fastsette retningslinjer. Revisjonskriteria under er ikkje utøymande for kva som kan vere relevant i forvaltningsrevisjonen. Andre kriterium vil kunne komme til dersom det skulle vere naudsynt for å få ei fullstendig undersøking og vurdering av problemstillingane.

2.2 Krav til internkontroll

I NOU 2016:4 Ny kommunelov er internkontroll eit eige tema som blir drøfta. Det blir påpeika at:

«For enhver virksomhet er det å ha kontroll med at virksomheten drives i tråd med de mål og rammer som gjelder for virksomheten, en sentral del av styringen og av det å drive en virksomhet. Internkontroll vil kunne sikre at det ikke skjer avvik på vesentlige områder. Dette gjelder selvsagt også for kommuner. Slik kontroll med kommunens virksomhet er viktig både for kommunen selv, for innbyggere og mottakere av tjenester, for folkevalgt styring og for allmennhetens tillit til forvaltningen.»

Det går fram av kommunelova¹ § 23 nr. 2 at administrasjonssjefen i kommunen *“skal sørge for at administrasjonen drives i samsvar med lover, forskrifter og overordnede instruksjoner, og at den er gjenstand for betryggende kontroll.”*

Kommunelova gjev inga nærare skildring av kva som ligg i “betryggende kontroll,” men det går fram av Ot.prp. nr. 70 (2002–2003)² at

«Selv om administrasjonssjefen etter kommuneloven i dag ikke eksplisitt er pålagt å etablere internkontroll, må det regnes som fast praksis at administrasjonssjefen har ansvar for etablering av internkontroll i administrasjonen. Etableringen av en tilstrekkelig internkontroll må regnes som en nødvendig del av administrasjonssjefens ledelsesansvar.»³

I Ot.prp. nr. 70 (2002–2003) går det vidare fram at internkontroll blir definert i vid forstand som ein prosess, sett i verk og gjennomført av leiarar og tilsette i verksemda med føremål å sikre måloppnåing på følgjande område:

- Målretta og effektiv drift
- Påliteleg ekstern rapportering
- Etterleving av gjeldande lover og regelverk.

I ein rapport frå Kommunal- og regionaldepartementet om internkontroll i kommunane, blir det peika på at kommunane er komplekse verksemdar som er regulert av ei rekke lover og forskrifter som både kan vere sektorovergripande, eller som definerer krav til internkontroll innanfor avgrensa område av verksemda. Krava er delvis dei same som er retta mot andre verksemdar/arbeidsstader, og delvis er krava spesifikke for kommunar og/eller kommunale oppgåver.

¹ Kommunal- og regionaldepartementet: Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven). LOV-1992-09-25-107.

² Om lov om endringer i lov 25. september 1992 nr. 107 om kommuner og fylkeskommuner m.m. (kommunal revisjon).

³ Kapittel 1.5.4

KS deler inn internkontrollen i kommunane i tre verkeområde:

- Sektorovergripande
- Tjenestespesifikk (t.d. barnevern, helse, skule)
- Støtteprosessar (t.d informasjonstryggleik, HMT)

Av kommunelova § 48 nr. 5, er det også eit krav om at internkontrollen skal omtalast i årsmeldinga til kommunen:

«I årsberetningen skal det gis opplysninger om forhold som er viktige for å bedømme kommunens eller fylkeskommunens økonomiske stilling og resultatet av virksomheten, som ikke fremgår av årsregnskapet, samt om andre forhold av vesentlig betydning for kommunen eller fylkeskommunen. *Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre betryggende kontroll og en høy etisk standard i virksomheten.*» (vår utheving)


2.3 Teori og rammeverk for internkontroll

Det finst fleire rammeverk for korleis ein kan utarbeide eit internkontrollsystem. Eit av dei mest brukte rammeverka for internkontroll er COSO-modellen som definerer internkontroll som ein prosess som gir rimeleg tryggleik for at en organisasjon oppnår sine mål, og som sikrar ei effektiv drift, påliteleg rapportering og etterleving av lovar og regler.⁴ Hovudelementa i COSO-modellen er felles for fleire av dei ulike rammeverka for internkontroll. Dei viktigaste elementa er:

- kontrollmiljø
- risikovurdering
- kontrollaktivitetar
- kommunikasjon og informasjon
- leiinga si oppfølging

Komponentene er gjensidig avhengige av kvarandre, og likeverdige deler av eit internkontrollsystem. COSO-modellen kan illustrerast slik:

Figur 1: Illustrasjon av COSO-modellen



⁴ Sjø norsk oversetting i Internkontroll – et integrert rammeverk. Norges interne revisorers forening (1996), Oslo: Norges interne revisorers forening (NIRF).

I COSO sitt rammeverk går det fram at mål på sektorovergripande nivå er ein føresetnad for internkontroll. Leiingar og tilsette i organisasjonen må ha ei forståing for dei overordna strategiane og måla i organisasjonen, og ein del av internkontrollarbeidet er å spesifisere målbare, oppnåelige, relevante og tidfesta mål som organisasjonen skal jobbe etter. Desse overordna måla skal operasjonaliserast til dei underliggande einingane i organisasjonen.

Kontrollmiljø

For å sikre ein god internkontroll er det, ifølgje COSO-modellen, viktig å utvikle eit godt kontrollmiljø. Kontrollmiljøet er dei standardane, prosessane og strukturane som danner basis for organisasjonen sitt internkontrollarbeid. Det er fleire viktige prinsipp for eit godt kontrollmiljø, mellom anna:

- at organisasjonen viser at dei er opptatt av integritet og etiske verdier
- at leiinga, med utgangspunkt i organisasjonen sine mål, etablerer struktur, rapporteringsvegar og egna fullmakts- og ansvarsforhold.
- at organisasjonen forpliktar seg til å tiltrekke seg, utvikle og behalde kompetanse som samsvarer med organisasjonens mål.

Risikovurderingar

Risikovurderingar er eit sentralt element både i rammeverket for internkontroll i COSO, og dei sektorspesifikke og tenestespesifikke krava til internkontroll.

Gjennom risikovurderingar gjer ein ein systematisk gjennomgang av tenestene for å finne fram til aktivitetar eller prosessar kor det er fare for eksempel for manglande måloppnåing manglande etterleving av regelverk/rutinar, mangelfull rapportering eller utilfredsstillande kvalitet i tenestene.

I følgje KS er risikovurderingar grunnlaget for innretning av internkontrollen, og både det operative og strategiske nivået i kommunen bør vere involvert i risikovurderingane. Dette er også i samsvar med tilrådingar frå COSO. Risikovurderingar skal skje på både detaljert plan og på overordna plan. KS påpeiker at eit ansvar på rådmannsnivået er å «aggregere risiko», det vil sei å ha eit system for å sjå resultata frå enkeltvise risikoanalyser i samanheng. KS fremhever at:

«Relevant informasjon skal aggregeres og rapporteres videre til andre ledernivåer. Dette vil sikre oppmerksomhet om det som er viktigst, samtidig som vesentlige forhold fanges opp, vurderes og dokumenteres.» (s. 23)

Systematisk avviksrapportering er ein måte å sikre at organisasjonen oppdagar brot på rutinar og svakheiter i rutinar. Det kan leggjast til rette for avviksrapportering elektronisk eller manuelt. Det sentrale er at rutinane for avviksrapportering er enkelt tilgjengeleg, kjent for dei tilsette (eller andre som skal melde avvik), at det er en god kultur (kontrollmiljø) for å melde avvik, og at det er gode rutinar for oppfølging av meldte avvik. Resultatet frå ferdigbehandla avvik kan gjerne vere at organisasjonen gjer ei grundigare risikovurdering for å analysere årsaker til avvik, og kva tiltak som kan tenkast å førebygge framtidige avvik.

Kontrollaktiviteter

På eit meir detaljert nivå må organisasjonen etablere det som i COSO blir kalla «kontrollaktiviteter». Dette er de retningslinjer, aktivitetar og rutinar som blir sett i verk i den daglige drifta for å sikre at organisasjonen oppnår sine mål. Eit prinsipp som blir lagt til grunn er at leiinga skal etablere rutinar og retningslinjer som inngår som ein del av den daglige drifta i organisasjonen. Slike rutinar skal gjere det klart kva som er forventa av einingane, og skal gjere det tydelig kven som har ansvar for å gjennomføre rutinen. COSO åtvarar mot at uskrivne rutinar kan vere lette å omgå, og kan vere kostnadskrevjande for organisasjonen å vedlikehalde dersom det er utskifting av personell. Vidare tilrår COSO at leiinga ved jamne mellomrom gjennomgår og oppdaterer prosedyrar og kontrollaktivitetar.

I si rettleiing rådmennene om internkontroll tilrår KS at internkontrollen inngår som ein integrert del av leiing og styring i kommunen. Dette medfører at rådmannen og rådmannen si

leiargruppe skal involverast i internkontrollen, og då i særleg grad den sektorovergripande internkontrollen. KS tilrår at rådmannsnivået innhentar rapportering og følgjer opp mellom anna verksemda sitt arbeid med risikokartlegging og –vurdering, og følgjer opp gjennomførte kontrollar og evalueringar.

Leiinga si oppfølging

COSO-rammeverket legg til grunn at for å sikre gjennomføring av handlingar eller endringar som er nødvendige for å oppnå en god internkontroll, er leiinga si oppfølging viktig. Dette krev at leiinga må ha tilstrekkeleg innsikt til å vurdere kva element i internkontrollen som fungerer bra og kva element som bør forbetrast.

Leiinga kan for eksempel følgje opp internkontrollen gjennom regelmessige gjennomgangar i møte (leiinga si gjennomgang), inspeksjonsrundar/stikkprøver, og/eller systemrevisjonar.

For at oppfølginga skal fungere so føremålstenleg som mogleg, bør underliggande einingar rapportere vidare kritiske risikoar til rådmannsnivået, og rådmannen bør sørge for at internkontroll går inn som ein del av den ordinære rapporteringa og styringsdialogen i kommunen. KS tilrår også å synliggjere resultat, effektar og endringar som følgje av internkontrollarbeidet i årsrapporten frå kommunen.

Kommunikasjon og informasjon

For å etablere god internkontroll er det i følgje COSO-modellen vidare viktig med effektiv og tidsriktig informasjon og kommunikasjon, både horisontalt og vertikalt i organisasjonen.

2.4 Kommunale styringsdokument og vedtak

Relevante kommunale styringsdokument og vedtak kan også bli nytta som revisjonskriterium. Dette kan til dømes dreie seg om vedtak, krav og retningslinjer som er etablert knytt til internkontroll i kommunen.

3. Metode

Deloitte utfører forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldande standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001) og kvalitetssikring er underlagt krava til kvalitetssikring i Deloitte Policy Manual (DPM).

3.1 Dokumentanalyse

Informasjon om kommunen og dokumentasjon på system og rutinar vil bli samla inn og analysert. Innsamla dokumentasjon vil bli vurdert i forhold til revisjonskriteria.

3.2 Intervju

For å få supplerande informasjon til skriftlege kjelder vil Deloitte intervjuje utvalte personar. Vi ønskjer å intervjuje personar som har særskilt ansvar for å arbeide med utvikling av internkontrollsystem/kvalitetssystem, rådmann, kommunalsjefar og utvalde leiarar for tenestekområda. Vi tek sikte på å gjennomføre om lag 7-10 intervju.

3.3 Verifisering og høyring

Oppsummering av intervju vil bli sendt til dei intervjuja for verifisering. Det er informasjon frå det verifiserte intervjureferatet som vil bli nytta i rapporten. Faktadelen i rapporten vil bli sendt til kommunen for verifisering. Deretter vil heile rapporten, inkludert vurderingsdel og forslag til tiltak, bli sendt til rådmannen for uttale. Rådmannen sin høyringsuttale vil bli vedlagt den endelege rapporten som blir sendt til kontrollutvalet.

4. Tid og ressursbruk

4.1 Nøkkelpersonell

Stein Ove Songstad er ansvarleg partner på oppdraget. I tillegg vil teamet bestå av prosjektleiar Birte Bjørkelo (Director), Maja Finnes Sollid og Marius Aure Bergvik. Deloitte har sett saman eit team som sikrar at prosjektet blir gjennomført i samsvar med gjeldande retningslinjer, samt med naudsynt kompetanse og erfaring innanfor kommunal revisjon.

4.2 Ressursbruk

Med utgangspunkt i prosjektet sin karakter og planen som er lagt for korleis prosjektet skal bli gjennomført vil det ta totalt 260 timar å gjennomføre prosjektet. Dette inkluderer førebuing av prosjektet, utarbeiding av problemstillingar og prosjektplan, førebuing og gjennomføring av datainnsamling, analyse av data og utarbeiding og kvalitetssikring av rapport. Timetalet omfattar også presentasjon av ferdig rapport for kontrollutvalet.

Timeestimatet inkluderer ikkje førebuing og gjennomføring av presentasjon i kommunestyret. Ein eventuell presentasjon av rapporten i kommunestyret vil bli fakturert etter medgått tid, inntil 6 timar i tillegg til det totale timetalet som er presentert over.

Sjå vedlegg for oversikt over timefordeling.

4.3 Gjennomføringsplan

Oppstart av prosjektet vil vere februar 2017 og rapporten vil vere klar for oversending til kontrollutvalet ved sekretariatet innan utgangen av september 2017. For å kunne gjennomføre prosjektet innan denne fristen og med stipulert timebruk er det nødvendig at kommunen sender over etterspurt dokumentasjon innan dei fristar som blir sett, og at utvalde personar stiller til og verifiserer intervju.

Fakturering av kostnadene ved prosjektet vil skje i samsvar med avtale.

Bergen, 16. januar 2017



Stein Ove Songstad
Oppdragsansvarleg partner

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	24.01.17	3/17
Kommunestyret	06.03.17	

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

KONTROLLUTVALET - ÅRSMELDING 2016

Vedlegg: kontrollutvalet si årsmelding for 2016

Saksorientering:

I følge kommuneloven § 77 pkt 6 skal ”kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget”.

Utkast til årsmelding for kontrollutvalet si verksemd i 2016 følgjer vedlagt. Den er sett opp etter omtrent same mal som tidligare årsmeldingar.

Årsmeldinga summerer opp utvalet sin aktivitet i 2016 og gir eit samandrag av dei hovedsaker som utvalet har hatt til handsaming gjennom året. Årsmelding gjer dessutan ei total oversikt over alle saker til handsaming og saker til orientering .

Årsmeldinga vert lagt fram for kommunestyret til orientering etter at kontrollutvalet har godkjent den. Eventuelle endringar som måtte komme frå utvalet vil bli innarbeida før den blir vidaresendt.


SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Sveio kontrollutval godkjenner årsmelding for 2016 slik ho ligg føre (eller med endringar som kom fram i møtet).

OG INNSTILLING:

Sveio kommunestyre tek kontrollutvalet si årsmelding 2016 til orientering.

Aksdal, 17.01.17


Toril Hallsjø (sign)

Daglig leiar/utvalssekretær

KONTROLLUTVALET ÅRSMELDING 2016



KONTROLLUTVALET

SVEIO KOMMUNE

INNLEIING

Kontrollutvalet si årsmelding er ei tilbakemelding til kommunestyret om utvalet si verksemd og kva saker og oppgåver som er tatt opp drøfta, og handsama i 2016.

I følgje kommunelova § 77 pkt. 6 skal "**kontrollutvalet rapportere resultata av sitt arbeid til kommunestyret**".

1. OM KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ som skal på vegne av kommunestyret syte for tilsynet med forvaltninga av kommunen (rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon) og selskap som kommunen eig (selskapskontroll). Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer på ein trygg måte. Ordninga er heimla i kommunelova og i eiga forskrift om kontrollutval.

Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret og rapporterer og innstiller til dette.

Kontrollutvalet har eige reglement, vedtatt av kommunestyret i 2012 og revidert i 2014.

2. MEDLEMMENE I UTVALET

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemmene. Kontrollutvalet skal ha minst tre medlem, og etter § 77 nr 1 i kommunelova skal minst eit av utvalet sine medlemmer veljast blant representantane i kommunestyret. Tilsette i kommunen er utelukka frå val til kontrollutvalet.

For valperioden 2015 - 2019 valde kommunestyret haust 2015 følgjande medlemmer til kontrollutvalet:

Faste medlemmer

Leiar	Olav Haugen (KrF)
Nestleiar	Ole-Ørjan Hov (MDG)
Medlem	Heidi Selsås (Ap)
Medlem	Hans Christian Andersen (Frp)
Medlem	Torill Hagland (H)

Numeriske varamedlem:

1. Svein Nesse (V)
2. Sissel Lier Høiness (Ap)
3. Haldis R. Stueland (KrF)
4. Svein Olaf Bua (H)
5. Helga Reinertsen (Sp)

Ole-Ørjan Hov var utvalet sin kommunestyrerepresentant. Då han i juni fekk tilsetjing i kommunen, blei det halde nyval hausten 2016. Utvalet består no av følgjande:

Faste medlemmer

Leiar	Olav Haugen (KrF)
Nestleiar	Hans Christian Andersen (Frp)
Medlem	Heidi Selsås (Ap)
Medlem	Gustav Eidsvåg (Frp)
Medlem	Torill Hagland (H)

Numeriske varamedlem:

1. Svein Nesse (V)
2. Sissel Lier Høiness (Ap)
3. Haldis R. Stueland (KrF)
4. Svein Olaf Bua (H)
5. Helga Reinertsen (Sp)

Gustav Eidsvåg er også kommunestyrerepresentant.

Ordføraren har møte- og talerett i utvalet. Ordførar har møtt ein gong. Rådmannen har ikkje møterett, men kan bli invitert/kalla inn av utvalet. Han møtte ein gong i fjor. I tillegg har økonomisjef, skatteoppkrevjar, personalleiar, kommunalsjef Tollefsen og kommunalsjef Habberstad møtt ein gong. Kommunalsjefane har informert om einingane sine.

Møta vert gjort kjent på kommunen sine nettsider og sekretariatet sine heimesider. På desse stadene vert også sakspapira og protokollar lagt ut.

3. AKTIVITETEN I KONTROLLUTVALET I 2016

Kontrollutvalet har i 2016 hatt **5** (6) møte, fordelt på tre om våren og to på hausten. Kontrollutvalet sine møte er opne for publikum og presse med unnatak av når det er heimel i lov om å lukke. Utvalet held sine møte i kommunestyresalen i rådhuset.

Utvalet har i 2016 hatt **31** (34) saker til handsaming der **5** (6) av sakene er vidaresendt til handsaming i kommunestyret. **46** (47) saker er blitt lagd fram til orientering. Samla oversyn over saker og orienteringssaker følgjer som vedlegg til årsmeldinga.

På kontrollutvalskonferansen i regi av Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) i februar deltok H.C. Andersen. Det var ingen på konferansen til Forum for kontroll og tilsyn i juni.

På dagskonferansen for kontrollutval i Rogaland i Sandnes 17. november deltok utvalsleiar.

4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGÅVER

Kontrollutvalet har oppgåver knytte til internt tilsyn og kontroll gjennom rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

4.1 REKNEKAPSREVISJON

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap og rekneskap til kommunale føretak vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føresegner, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalet sine instruksar.

Kontrollutvalet hadde i møtet 19.04.16 kommunen sin årsrekneskap for 2015 til handsaming. Totalt sett blei rekneskapen for 2015 gjort opp med eit driftsoverskot på kr 9,1 mill. og positivt netto driftsresultat med kr 17,4 mill. kr. Det utgjør 4 % og ein klar forbetring frå året før.

Uttale til rekneskap for Ryvarden Kulturfyr KF og Sveio Bufellesskap KF blei godkjent i same møtet. Kontrollutvalet hadde her ikkje merknader til rekneskapane. Både viste overskot.

4.2 FORVALTNINGSREVISJON

I følgje kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Kontrollutvalet skal minst ein gong i

valperioden utarbeide ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Kommunestyret skal vedta planen. Sveio kommune sin plan for 2016-2020 blei vedteken av kommunestyret i møte 31.10.16, sak 111/16.

Rapport om «Sakshandsaming, service og haldningar» blei lagd fram for kommunestyret 14.03.16, sak 2/16. Revisor hadde to tilrådingar. Rådmannen kom med tilbakemelding om oppfølging av rapporten innan 6 månader i septembermøtet. Prosjekt om «Internkontroll» blei valt i haust som fyrste prosjekt i ny plan. Prosjektmandat og rapport vil føreligge i løpet av 2017.

4.3 SELSKAPSKONTROLL

I følgje kommunelova er kontrollutvalet pålagt og sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m. Kontrollutvalet skal også her utarbeida ein plan for gjennomføring av selskapskontroll.

Planen for 2016-2020 og retningslinjene for slik kontroll blei vedtatt av kommunestyret i møte 31.10.16, sak 112/16.

Kontrollutvalet vedtok i 2014 å delta i selskapskontroll av Haugaland Kraft AS og Haugaland Næringspark AS i lag med dei andre eigarkommunane. Rapport var klar i mars 2015. Deloitte såg etter om selskapa har etablert system og rutinar for å sikre at selskapa vert drive i samsvar med vedtekter, politiske vedtak og regelverk. Det blei avdekket nokre få forbedringspunktar, og det blei sett ein frist på 12 månader for tilbakemelding om oppfølging av tilrådingane.

Utvalet fekk tilbakemelding om oppfølging av selskapskontrollen i Haugaland Kraft AS i møtet i juni.

4.4 TILSYN MED REVISOR

Tilsyn med revisjonen blir gjennomført ved gjennomgang av revisjonens planer og rapporter. Utvalet innhentar kvart år uavhengighetserklæring frå ansvarleg revisor.

KPMG AS var kommunen sitt revisjonsselskap fram til 31.06.16. Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor har vore Willy Hauge med kontor på Stord. Han møtte i april møtet. Frå 01.07.16 overtok Deloitte AS med kontor i Haugesund.

Forvaltningsrevisorane har kontor i Bergen og har møtt i to av møta i 2016.

Revisor har møte- og talerett i utvalet sine møte. Det er presentert revisjonsplan og lagt fram overordna analyse og utkast til plan for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

Kontrollutvalet gjennomførte i 2015 ny anbodskonkurranse om revisjonstenestene for perioden 2016-2020. Kommunestyret tilrådde kontrollutvalet si innstilling å velje Deloitte AS som kommunen si revisor i møtet 14.12.15, sak 100/15. Avtalen gjeld fire år frå 01.07.16 med opsjon til å forlengje avtalen med to år. Oppdragsansvarleg revisor frå Deloitte er Else Holst-Larsen.

4.5 TILSYN MED FORVALTNINGA

Tilsyn med forvaltninga er gjennomført ved at utvalet har fått orientering frå rådmannen om spørsmål og saker utvalet har tatt opp.

I junimøtet handsama utvalet ei sak frå ein innbyggjar som ønskte å få utvalet til å iverksette undersøking i sak knytte til stiftinga Sveio Bufellesskap og Bufetat. Utvalet avviste saka då utvalet ikkje er eit klageorgan og viste til at desse organa har sine kontrollinstansar.

I november møtte kommunalsjef og han orienterte om framlegg til budsjett 2017 og økonomiplan. Utvalet er og blitt orientert om statlege tilsyn, tertialrapportar, budsjettvedtak, KOSTRA-tall osv.

5 BUDSJETT/REKNESKAP FOR TILSYN OG KONTROLL

ANSVARsomRÅDE 10010	REGNSKAP 2016	BUDSJETT 2016	REGNSKAP 2015
REVISJON OG KONTROLLUTVAL			
Godtgjersle, kurs, m.m	67 967	44 000	75 158
Revisjonstenester (avt m/priv.)	295 572	385 000	292 008
Sekretariatstenester ((IKS)	159 000	159 000	153 000
Sum utgifter	522 539	588 000	520 166

Kontrollutvalet handsama hausten 2016 framlegg til budsjett for internt tilsyn og kontroll for 2017. Framlegg til budsjett var på kr 622.000 eks. mva. Timetalet til forvaltningsrevisjon og selskapskontroll har blitt betre då fastprisen blei lågare ved sist anbudsrunde.

6. SEKRETARIATET FOR KONTROLLUTVALET

Kommunane er pålagt å ha eit kontrollutvalssekretariat som er uavhengig, dvs. ikkje knytte opp mot rådmann eller revisjon. Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS kom i drift frå 2005. Selskapet er eid av 10 kommunar og oppgåvene blir ivaretatt av to tilsette.

Sekretariatet har, i tillegg til kontakt og samarbeid med utvala, administrasjon og politisk leiing, samarbeid med tre revisjonsselskap, andre interkommunale selskap i regionen og sekretariata i Rogaland, Hordaland og Agder.

Selskapet har i 2016 fått nytt styret og oppdatert overordna strategiplan. Fast utvalssekretær har vore dagleg leiar Toril Hallsjø. Sekretariatet har egne heimesider, www.kontrollutvalgene.no, kor mellom anna alle sakskart, protokollar og rapportar blir lagd ut fortløpande.

Frå Sveio kommune har Olav Haugen vore kommunen sin representant til representantskapet i IKSet med Ole-Ørjan Hov som varamedlem. Haugen møtte på det konstituerande møtet 25.04.16 og blei vald til leiar av representantskapet.

7. OPPSUMMERING

Aktiviteten i 2016 har vore som planlagt. Det har blitt handsama ein rapport og ein ny rapport er valt ut for 2017. Utvalet har også handsama oppfølging av rapport. Året har vore prega av å få på plass nye planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll dei neste fire år. Utvalet har delteke i utarbeiding av overordna analyse og planane. Planane for forvaltningsrevisjon 2016-2020 og selskapskontroll 2016-2020 har blitt vedteken av kommunestyret etter innstilling frå utvalet. Administrasjonen har gjort greie for aktuelle saker som utvalet har bede om undervegs gjennom året.

Sveio, den 24.01.17

Kontrollutvalet i Sveio

Olav Haugen
leiar (sign.)

Hans Christian Andersen
(sign.)

Torill Hagland
(sign.)

Heidi Selsås
(sign.)

Gustav Eidsvåg
(sign.)

OVERSYN OVER SAKER – SVEIO KONTROLLUTVAL 2016

Saker til behandling:

- 1/16 Godkjenning av protokoll frå møte 08.12.15
- 2/16 Referat- og orienteringssaker 26.01.16
- 3/16 Kontrollutvalet si årsmelding 2015
- 4/16 Plan for orientering av stab/støtte og resultateiningane

- 5/16 Godkjenning av protokoll frå møte 26.01.16
- 6/16 Referat- og orienteringssaker 19.04.16
- 7/16 Sveio kommune – uttale til årsrekneskapen for 2015
- 8/16 Ryvarden Kulturfyr KF – rekneskap og årsmelding 2015
- 9/16 Sveio Bufellesskap KF – rekneskap 2015
- 10/16 Plan for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll 2016-2020 — overordna analyse – Risikospill v/Deloitte as
- 11/16 Orientering frå administrasjonen - stab/støtte

- 12/16 Godkjenning av protokoll frå møte 19.04.16
- 13/16 Orientering frå administrasjonen – helse og omsorg
- 14/16 Sak frå innbyggjar om å iverksette undersøking
- 15/16 Oppfølging av rapport – selskapskontroll - Haugaland Kraft AS
- 16/16 Referat- og orienteringssaker 14.06.16

- 17/16 Godkjenning av protokoll frå møte 14.06.16
- 18/16 Orientering frå administrasjonen – oppvekst og kultur
- 19/16 Oppfølging av revisjonsrapport «Sakshandsaming, service og haldningar»
- 20/16 Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020 med overordna analyse
- 21/16 Plan for selskapskontroll 2016-2020 med overordna analyse
- 22/16 Revisor si egenerklæring 2016
- 23/16 Budsjett 2017 – kontroll og tilsyn - kontrollutvalet
- 24/16 Referat- og orienteringssaker 13.09.16

- 25/16 Godkjenning av protokoll frå møte 13.09.16
- 26/16 Orientering frå administrasjonen – kommunalsjef teknisk m.m.
- 27/16 Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2017
- 28/16 Val av prosjekt - tinging av prosjektmandat
- 29/16 Revisjonsplan 2016
- 30/16 Møteplan for 2017
- 31/16 Referat- og orienteringssaker 08.11.16

Referat- og orienteringssaker 2016 til Sveio kontrollutval

1. Kommunestyrevedtak 14.12.15, sak 120/15 – Val av revisor for perioden 2016-2020
2. Statusoversikt - januar 2016
3. Årshjul for kontrollutvalet
4. Kommunesektoren sitt etikkutval – referat frå møtet 23.11.15
5. Brev til KPMG - evaluering og val av leverandør – anbod på revisjonstenestene
6. Kommunal rapport 19.01.16 – skatteinntektene 2015 – landsbasis
7. Kommunal rapport 19.01.16 – skattetallen for den enkelte kommune
8. Årsrapport og skatterekneskap 2015 - skatteoppkrevjaren i Sveio kommune
9. Førebels rekneskapstall 2015 – ansvar 1010 – kontroll og revisjon – funksjon 1100
10. Haugaland Vekst IKS – protokoll frå representantskapsmøtet 11.12.15 - konstituering
11. Påmeldt til Kontrollutvalskonferansen 03.-04.02.16 frå Sveio: H.C. Andersen
12. Førebels melding om representantskapet i SIM IKS – om val og dato 29.04.16

13. Statusoversikt - april 2016
14. Avtale om revisjonstenester 2016-2020 – til underskriving
15. NKRF-nytt – kommunelovutvalet har levert sin utredning (NOU 2016:4)
16. Skatteetaten sin kontrollrapport 2015 – skatteoppkrevjarfunksjonen for Sveio
17. Innkalling til repr.skapsmøte 25.04.16 – Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
18. Innkalling til repr.skapsmøte 29.04.16 - SIM IKS
19. Innkalling til repr.skapsmøte 29.04.16 - Haugaland Vekst IKS
20. NKRF -kontrollutvalskonferansen - evaluering/tilbakemelding v/H.C. Andersen
21. FKT – fagkonferanse ktrl og tilsyn 07.-08.06.16 – utvalsleiar O. Haugen påmeldt

22. Statusoversikt - juni 2016
23. Komm.styrevedtak 23.05.16, sak 32/16 – Eigarskapsmelding 2016- 2019
24. Komm.styrevedtak 23.05.16, sak 36/16 – Nedlegging av Sveio Bufellesskap KF
